



Under det siste diskoteket var det 90 unge som svinga seg i Helgheim, nokon av dei var sogar frå Herøysund. Så mange har det ikkje vore i kveld - det stoppa på 50 - men ungdomslaget sine eldsjelar er fornøgd med det. Mange er bortreist i helga og i Herøysund er det elevkveld.

Partiet for dei yngre omfatta ikveld 37 og dei øvige 13 var med eitpar unntak sjetteklassingar. Dei imponerte stort med dansen sin, som ein skulle tru var lært ved profesjonell koreografi. Det var han slett ikkje - dei unge hadde lært han sjølve! Dette var den siste diskotek-kveld i dette året. Den neste kjem midt i januar, forhåpentleg med minst like mykje vind i segla som no i 2013. Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[← Tilbake](#)